

ÅRSMELDING 2025

NATURVERNFORBUNDET I MØRE OG ROMSDAL

Organisatorisk

Årsmøte sist

Årsmøte vart halde i Molde den 22.3.2025 med 17 medlemmer til stades.

Styret

I styret har det i denne perioden vore følgjande:

Leiar: Per Ingebrigt Karbø (2025-2026)
Styremedlem Wenche Johansen (Ålesund og omegn 2025-2026)
Styremedlem Torgeir Parr Dimmen (Ørsta-Volda 2025-2026)
Styremedlem Siv-Tone Bårdsnes (Rauma 2025-2026)
Styremedlem Astrid Straumbotn (Kristiansund og Averøy 2025-2026)
Styremedlem Øystein Solevåg (Fritt grunnlag 2025-2026)
Styremedlem Kjell Lyse (Fritt grunnlag 2025-2027)
Styremedlem Japke Stobbe (Fritt grunnlag 2025-2027)
Varamedlemmer: Solveig Blindheim (Rauma 2025-2026)
Varamedlemmer: Yngve Birkeland, (Ålesund og omegn 2025-2026)

Revisor: Liv Solemdal

Valkomite: Gunn N. Morstøl, Øystein Solevåg og Astrid Straumbotn

Styret har hatt 6 styremøte med 39 saker og i tillegg mykje e-postveksling.

Medlemmer:

	2005	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Totalt	638	785	792	832	856	1077	1296	1322	1328	1365	1524	1590
Lokallag	441	555	523	549	604	785	945	923	945	975	1093	1152

	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Ørsta/Volda	167	179	172	172	179	194
Ålesund og omegn*	303	293	295	300	318	323
Rauma	88	91	92	103	125	120
Molde	195	207	228	243	294	329
Tingvoll	40	41	46	48	47	47
Kristiansund og Averøy	109	112	112	109	130	139
Aure	43					
SUM LOKALLAG	945	923	945	975	1093	1152
Vanylven	16	24	29	26	25	26
Sykkylven	24	25	27	22	26	26
Stranda	28	25	25	22	20	20
Fjord	12	16	15	13	17	17
Sande	6	3	3	3	5	4
Herøy	24	33	28	22	28	27
Ulstein	47	45	38	39	42	44
Hareid	19	21	18	17	17	20
Haram*					36	36
Vestnes	31	29	27	25	27	30
Aukra	7	8	8	6	12	17
Hustadvika	35	31	30	34	42	45
Gjemnes	10	15	16	20	18	18
Sunndal	52	47	46	45	47	47
Surnadal	29	28	30	41	34	31
Aure	x	40	33	31	26	21
Smøla	8	9	7	6	8	7
Andre	3	2	1	18	1	2
SUM UTAN LOKALLAG	351	401	381	390	431	438
SUM TOTALT	1296	1324	1326	1365	1524	1590
Ved utgangen av året						

Lokallaget i Aure blei lagt ned hausten 2021.

Haram var ein del av Ålesund og omegn 2020-2023

Temagrupper:

Fylkeslaget har eit rovdyrutval med 6 medlemmer.

Representasjon:

Landsstyret:

Medlem: Japke Stobbe (21-)

Varamedlem: Jannicke Totland Due (24-)

Deltaking i utval oppnemnt av landsstyret/sentralstyret:

Skogutvalet: Liisa Mänd

Vassdragsvernrådet: Vidar Skiri og Øystein Folden

Andre utval:

Forum for natur og friluftsliv (FNF): Øystein Folden

Rådgjevande utval for Reinheimen: Knut Festø

Rådgjevande utval for Dovrefjell-Sunndalsfjella: Øystein Folden

Rådgjevande utval for Trollheimen: (NNV Trøndelag) Vara: Øystein Folden

Leiar har deltatt i digitale samlingar for fylkesleiarar

Fylkessekretær har deltatt i fysiske og digitale samlingar for fylkestilsette.

Tilsette:

Frå 1.10.2021 har Øystein Folden vore tilsett som fylkessekretær i 40% stilling.

Økonomi:

Naturvernforbundet hadde i 2025 inntekter på ca. kr 400 000 som er brukt til ei 40% stilling og ein del aktivitet. Vi viser elles til rekneskapen.

Naturvernforbundet har søkt om fireårig driftstilskot til friluftslivsformål frå fylkeskommunen, via FNF. Vi har fått opplyst at vi ikkje driv med den typen friluftsliv som fylkeskommunen gjev tilskot til, og søknaden er avslått.

Glimt frå verksemda i lokallag og fylkeslag.

Avfallsberget i Eide

Heilt tilbake til 2008 finn vi dokument om Miljøservice Eide si mangelfulle avfallshandsaming. Saka har snart ein ende. Det blir bruka 125 millionar på å fjerne avfallet og avfallsverksemda er avslutta, verdiar er inndrege og eigar er dømt. Naturvernforbundet har hatt mange dagsverk med arbeid på denne saka, gjennom meir enn 15 år.

Sulafjellet fri for gondol

Etter mange rundar med kamp blei det ikkje noko av gondolplanane på Sulafjellet. Fjellet nært Ålesund skal framleis få vere staden der natur og enkelt friluftsliv kan sjåast og nytast.

Stabeldammen i Kristiansund

Kristiansund har verna 0,18% av arealet sitt. Stabeldammen mellom flyplassen og Løkkemyra har verdiar nok til å bli verna både for naturen og friluftslivet sin del. Bystyret har to gongar vedtatt at arealet skal byggast ned. Naturvernforbundet har to gongar fått medhald i at arealet har store verdiar som ikkje skal byggast ned.

Tingvoll kommune og naturmangfaldlova

Når utbyggar ikkje kartlegg naturen og kommunen ikkje gjer vurderingar etter naturmangfaldlova, kan dei vente seg ei klage. Vil ein at saker skal passere fort gjennom det kommunale systemet, løner det seg å ha kartlegginga av naturmangfald i orden. Hustomta ved Hanemsvatnet grunnstøytte, bustadfeltet i Arnvika passerte utan problem.

Retiroparken i Molde

Mange dekar med grøntareal nær bysentrum er ein verdi mange kommunar ville ha betalt mykje for å ha. Når kommunen og idretten prøver å gjere noko anna, har engasjementet vore stort. Avisa er full av lesarinnlegg og folk møter opp når det er noko.

Rauma

Seterslåttan på Stavemstølen i Romsdalen er i ferd med å bli tatt opp igjen. Der blir behovet for slått kombinert med opplæring i både ljaslått og seterflora.

Ørsta og Volda

Vassdragsvern var viktig i stortingsvalet, og tema for vassdragssafari frå Volda til Sunnylvn. På turen såg ein vassdrag som alt var bygd ut, slike som ikkje er utbygd til no, men kan bli det, og vassdrag som er verna og kan hende vil bli det framleis, med Naturvernforbundet si hjelp.

Omtale av mange andre saker som viser breidda i det vi held på med følgjer. Vi viser elles til Naturvernforbundet si nettside.

prosjekt	kommune	Naturmangfald	Framandartar	Oppdrett	Verneområde	Energi	kraftverk	Samferdsel	Motorferdsel	Ureining	Arealplan	Anna	Siger
Fråsegn til jordvernstrategi	Giske										1		
Småge - Plan for gjerde/skjøtsel	Aukra	1											
Alida - oppf. Advokat	Volda			1									
Kursplan for kystlynghei, Småge	Aukra											1	
Raudbergvika - saka til Oslo	Fjord			1									
Veg - Hornindal	Volda							1					
Raudsand - gjennomlesing av saker	Molde									1			
TK om torskerømming Aukan	Aure			1									
Motorsportsak Gulemyrene	Hustadvika								1		1		
Avslag torskeoppdrett Slettnes	Gjemnes			1									1
Terrengsykkelnettverk Stangvik	Surnadal	1											
skogsveg i Moldemarka	Molde	1											
Tuoropplegg Kverve	Ålesund										1		
Verna vassdrag i fare						1	1						
Torskesak Ranem - nekta utslepp	Gjemnes			1									
Gaupeklage, delvis medhald													1
deponispørsmål	Ålesund									1	1		
Kjempespringfrøprosjektet	Tingvoll		1										
Togbussen	Sunndal							1					1
Spørsmål om Eide Miljøservice	Eide												
Urdelva kraftverk - fråsegn	Vestnes						1						
Settefiskanlegg Mowi	Vanylven			1									
Klage - skogsveg Brunstadsætra	Sykkylven	1											
Medlem - spørsmål om kantslått		1											
Arealmøte	Surnadal	1											
Klage - brøytetilskot Torbudalen	Sunndal	1			1								
Fråsegn - motorferdsel plan	Surnadal								1				
Silt på avvege i Borgundfjorden	Ålesund									1			
Torskeoppdrett Dysjanaset	Sande			1									

Presseomtale Miljøservice Eide	Hustadvika									1			
Driva nedre krafverk/Aura													
kraftverk	Sunndal					1	1						
Tiltaksplan rein		1			1								
Lesarbrev - svar småkraftverk						1	1						
klagevedtak Tøfta	Averøy			1									
Synfaring/tur - Kverve	Ålesund	1											
Flaggermus i Muldalslia	Fjord	1											
intervju mat og turnikatar	Averøy			1									
Rovvilt forvaltingsplan		1											
Retiroskogen	Molde									1			
klage jervekvote											1	1	
Ringsetelva kraftverksak	Stranda						1						
	Molde,												
Kraftline Isfjorden - Fannefjorden	Rauma						1						
vegsak Svartløken	Ålesund										1		
Salfjord utsleppsøknad	Aure			1									
Sivilombodet - torskesakene				1									
Gondolsaka avslått	Sula									1		1	
Tøftasaka - klagehandsaming	Averøy			1									
klage - sykkelnettverk Stangvik	Surnadal									1			
Kommentar forbod bruk av myr ÅA	Rauma	1											
lesarbrev svar til Lien og Klinge											1		
Gaudalen - Aura karaktverk -													
synfaring	Sunndal				1		1						
Innlegg Grøvudalshelga -													
vasskraft	Sunndal						1						
Reguleringsplan E39 Gjemnes	Gjemnes							1		1			
Slått i Vermedalen	Rauma	1			1								
Smøla vindkraft	Smøla					1	1						
Ny gjødselforskrift									1		1		
Rådgjevande utval Dovrefjell					1								
Damtjørna - veg utan løyve	Surnadal										1		
Blimsanden - turvegvedtak													
oppheva	Giske											1	
Kraftline Tomasgard-													
Bø/Honndalen	Volda						1						
Stabeldammen - klaga fekk	Kristiansun												
medhald	d									1		1	
Handlingsplan olivinskog	Volda	1									1		
Vorpeneset - klagevedtak	Vestnes			1									
		14	1	13	5	4	10	3	2	5	9	7	7